

MODALEN KOMMUNE
 Postboks 44
 5732 MODALEN

Dato: 20.01.2017
 Vår ref.: 2016/34274-4
 Saksbehandlar: mardixo
 Dykkar ref.:

Kompensasjonsmidlar 2016 - tilsegn om tilskot på inntil kr 300 203 til prosjekt Vidareføring av prosjekt for auka turisme i Modalen.

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektplan, datert 16.06.2016, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 300 203 til prosjektet frå budsjettet for Kompensasjonsmidlar Hordaland. Summen er sett saman av kr 75 220 frå posten frå Kompensasjonsmidlar Hordaland 2016, og restbeløpet på kr 224 983 frå dykkar prosjekt Kompensasjonsmidlar Hordaland 2015.

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt.

Tilsegna gjeld til 01. juni 2018. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

1. Prosjektgrunnlag

Følgjande opplysningar er henta frå søkjar si beskriving av søknaden;

Bakgrunn

Ønske om å fortsette det gode arbeidet med å gjera Mo sentrum attraktivt som reisemål for båt- og bilturistarturistar og auke kapasiteten i båthamna.

Prosjekt mål

Legge til rette for auka turisme. Auka turisme vil trygge arbeidsplassane i Mo sentrum. Verksemdar som Mobryggja AS og Mo Handelslag er avhengig god drift i sommar- og i skuldarsesongane. Prosjektet vil også ha stor betydning for drifta av Bryggjeslottet. Det finns fleire mindre verksemdar som vil kunne dra nytte av auka ferdsel til Modalen.

Aktivitetar

Utviding av båthamn. Ved enkelte anledningar er kapasiteten i gjestehamna sprengt. Vi har sett på ei utviding med ei ny 22m betongbrygge i forlengelsen av eksisterande betongbrygger.

Bryggja vert utstyrt med straumskap og vann postar. Pris for bryggje ferdig utlagt og oppankra er kalkulert til ca 600 000 kroner.

Tidsplan

Prosjektet er lite og oversiktleg og skal gjennomførast i løpet av ein kort priede. Viktig dato for ferdiggjering ar medio Mai, før sommarsesongen startar.

Organisering

Prosjekteigar: Modalen kommune
Org.nr. 964969302

Prosjektleder: Øivind Olsnes
E-post: oivind.olsnes@modalen.kommune.no

Prosjektorganisering:
Prosjektet vil bli utført ved bruk av entrepriser, Modalen kommune vil stå for innhenting av tilbud og styring av prosjektet.

Samarbeidspartnarar:
Modalen kommune vil stå som prosjektansvarleg og samarbeide med lokale næringsinteresser.

Vurdering

Prosjektet er vurdert av styringsgruppa for kompensasjonsmidlar og tilsagn er gitt ut frå kriteria for kompensasjonsordninga.

2. Godkjende kostnadar og godkjend finansieringsplan

Løyvd beløp: 300 203

Godkjend kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Betongbrygge		130 000				130 000
Diverse monteringsjakler		3 700				3 700
Diverse tau og wire		11 234				11 234
Frakt, slep og montering		98 000				98 000
Framføring og montering straum og vatn		20 000				20 000
Kjetting		8 000				8 000
Oppgradering straumnett		200 000				200 000
Ploglodd		14 000				14 000
Pullerter		21 971				21 971

Redningsstige	7 440	7 440
Straum og vannpostar	20 000	20 000
Trekkerør	5 655	5 655
Uvisse	60 000	60 000
Sum kostnad	600 000	600 000

Godkjend finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
eigenandel		299 797				299 797
Kompensasjonsmidlar 2016	75 220					75 220
Kompensasjonsmidlar rest 2013	224 983					224 983
Sum finansiering	300 203	299 797				600 000

3. Vilkår for tilskotet

Generelle vilkår:

- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.
- **Valfritt (sakshandsamar vurderer):** Hordaland fylkeskommune deltek som observatør i styringsgruppa for prosjektet.

Profilering

- I alle presentasjonar av- og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune. Retningslinjer for profilering av Hordaland fylkeskommune; www.hordaland.no/profil

Årsrapportering (for fleirårige prosjekt)

- *Tilsegnsmottakar skal sende ein årsrapport til fylkeskommunen pr. 1. mars kvart år, så lenge prosjektet pågår.*
- *Årsrapportering gjerast etter mal, sjå www.hordaland.no/rapportering*
Sakshandsamar: Prosjekt eller tiltak som vert avslutta innafor ei tidsramme på eitt år, er friteken for årsrapportering, punkta over strykast.

Delutbetaling

- *Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling av tilsegna gjennom www.regionalforvaltning.no. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader (last opp relevante vedlegg).*
- *Delutbetaling vil verte gjort i høve til godkjend kostnadsprosent på 50,0 % av akkumulerte kostnader, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 300 203. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.*

Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Tilsegnsmottakaren kan deretter sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport, og rekneskapsrapport av akkumulerte kostnader. Dette må skje seinast innan -.
- **Merknad!** Revisor skal attestere sluttrekneskapsrapporten for tilsegn over kr 100 000,-.
- Signert *Sluttrekneskap for prosjektet* kan lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no. Dette gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling av tilsegna.
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føreset.

Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Marta Rongved Dixon
Epost: marta.dixon@hfk.no
Telefon: 55239316

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringssjef

Vedlegg: Standardvilkår.

Kopi: Styringsgruppa for bruk av kompensasjonsmidlane i Hordaland ved Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Vi ber om at de signerer og returnerer følgende standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Standardvilkår for Kompensasjonsmidlane i Hordaland

Prosjektnamn: Vidareføring av prosjekt for auka turisme i Modale
 Tilsegnsnr.: Innvilget beløp: 300 203
 Vår ref. (arkiv): 2016/34274

Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: Modalen kommune

Postadresse: Postboks 44, 5732 Modalen (merk systemet tillet ikkje at rett postadnummer vert lagt inn),
 5729 MODALEN

Org.nr.: 964969302

Kontaktperson: Øivind Olsnes

Telefon: 56599003 Mobil: 47467006

E-post: oivind.olsnes@modalen.kommune.no

Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Marta Rongved Dixon

E-post: marta.dixon@hfk.no

Telefon: 55239316

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: Mo Dato: 29/5-2019

Signatur prosjekteigar: Jø. Tammulla

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen



Modalen kommune
Rådmannen